



# NOREGS HØGSTERETT

Den 2. oktober 2018 vart det av Høgsteretts ankeutval med dommarane Utgård, Matheson og Bull i

**HR-2018-1853-U, (sak nr. 18-136173STR-HRET), straffesak, anke over vedtak:**

A

(advokat Marius Larsen)

mot

Påtalemakta

sagt slik

## O R S K U R D :

- (1) Saka gjeld anke over lagmannsrettens vedtak om å ikkje samtykke til at anke blir fremja etter straffeprosesslova § 321 første ledd.
- (2) Politimesteren i Agder skrev 24. mai 2018 ut førelegg mot A for brot på straffelova (2005) § 189 andre ledd, for å ha bore kniv på offentleg stad. A vedtok ikkje førelegget, og saka vart sendt tingretten for pådømming, jf. straffeprosesslova § 268.
- (3) Kristiansand tingrett gav dom 5. juli 2018 med slik domsslutning:
  - "1. **A, født 00.00.1998, dømmes for overtredelse av straffeloven § 189 annet ledd til å betale en bot stor kr. 9600 – nitusensekshundre - subsidiært fengsel i 15 – femten - dager.**
  - 2. A, født 00.00.1998 dømmes til å betale sakskostnader til staten med kr. 1500 – femtenhundre."**
- (4) A anka over tingrettens bevisvurdering og rettsbruk. Det vart mellom anna gjort gjeldande at tingretten si tolkning av uttrykket "bærer" i straffelova § 189 andre ledd var uriktig og i strid med lovprinsippet i Grunnlova § 96 og Den europeiske menneskerettskonvensjonen (EMK) artikkel 7.
- (5) Agder lagmannsretts gjorde vedtak 6. august 2018 med slik slutning:

**"Det gis ikke samtykke til at anken fremmes."**

- (6) A har anka vedtaket til Høgsterett. Det er gjort gjeldande at det ligg føre ein saksbehandlingsfeil i form av manglande grunngiving. Lovbruken hos tingretten er ikkje openert rett, og det låg då føre særlege grunnar som gjorde at lagmannsretten skulle ha grunngitt vedtaket etter straffeprosesslova § 321 femte ledd. Også spørsmålet om det låg føre grov aktløyse tilsa grunngiving.
- (7) *Påtalemakta* er kjend med anken.
- (8) *Høgsteretts ankeutval* kan prøve lagmannsrettens saksbehandling, jf. straffeprosesslova § 321 sjette ledd. Avgjerder etter § 321 første ledd skal ha grunngiving der det ligg føre særlege grunnar, jf. § 321 femte ledd.
- (9) A hadde ein kniv i hanskerommet på bilen då han vart stansa. Det sentrale spørsmålet for tingretten var om dette var å bere kniv. Tingretten viser til støtte for domfelling særleg til avgjerala LG-2018-7404. Men den dommen gjaldt ei sak der den domfelte "hadde ... knivene i vel innenfor rekkevidde, nemlig i midtkonsollen og under passasjersetet."
- (10) Dommen frå Gulating gjaldt såleis ein anna situasjon enn den i saka no. Det er etter dette ein vesentleg veikskap med tingrettens domsgrunnar. Spørsmålet om ein situasjon som denne er i strid med forbodet mot å bere kniv i straffelova 2005 § 189 andre ledd, er dessutan ikkje avklara i rettspraksis.
- (11) Utvalet er ut frå dette kome til at det ligg føre særlege grunnar som gjer at lagmannsretten skulle grunngitt vedtaket om å nekte anken fremja. Lagmannsrettens vedtak må etter dette opphevast.
- (12) Orskurden er samrøystes.

**S L U T N I N G :**

Lagmannsrettens vedtak blir oppheva.

Wilhelm Matheson  
(sign.)

Karl Arne Utgård  
(sign.)

Henrik Bull  
(sign.)

Rett utskrift: